



ADU - Ingeniør Atle D. Utkilen  
Postboks 75  
5953 FONNES

Dato: 01.12.2014  
Vår ref.: 2014/22672-5  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart av reguleringsplanarbeid for Nedre Bergås Bustadfelt - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 28. oktober 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Nedre Bergås Bustadfelt. Hovudføremålet med reguleringa er bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Senterstruktur
- Universell utforming

#### Meir om landskap:

Området ligg innafør landskapsområdet Lurefjorden som i verdivurderinga av Hordaland er verdisatt til *stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng*.

#### Meir om folkehelse og friluftsliv:

Strandsona nedanfor ligg innafør det viktige regionale friluftsområdet *Seimsfjorden*.

#### Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Kultur- og idrettsavdelinga vil minne om pkt 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne, der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Planar som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne kan returnerast for utfyllande dokumentasjon. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalt, verneverdien vurdert og teke

omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdssårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Hordaland fylkeskommune har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

#### **Oppsummering**

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel, senterstruktur og universell utforming.

Marit Rødseth  
plansjef

Anne-Kathrine Vabø  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Lindås kommune

Statens vegvesen - Region Vest    Askedalen 4                    6863    LEIKANGER